



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
031/26	Formannskapet	07.05.2026
033/26	Kommunestyret	21.05.2026

Sakshandsamar: Magnhild Aspevik	Arkiv:	Arkivsaksnr.: 22/462 - 27
--	---------------	-------------------------------------

Lærdalsvassdraget – revisjon av konsesjonsvilkår – innspel frå Lærdal kommune

Kort samandrag:

Norges vassdrag og energidirektorat (NVE) har vedteke å opne vilkårsrevisjonssak for Lærdalsreguleringa. Østfold Energi har utarbeida nye revisjonsvilkår, som no er sendt på høyring. Hovudføremålet med ein vilkårsrevisjon er å **betre miljøforholda** i regulerte vassdrag.

Lærdal kommune er positive til regulanten sitt framlegg til nye konsesjonsvilkår. Kommunen er og positive til vedtekne pålegg frå regionale myndigheiter, og til avbøtande tiltak som ligg føre, og delvis gjennomført.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Lærdal kommune stiller seg positiv til Østfold Energi sitt framlegg til reviderte konsesjonsvilkår og avbøtande tiltak for Lærdalsvassdraget, slik det ligg føre i høyringsdokumentet frå Norges vassdrags- og energidirektorat.
2. Lærdal kommune støttar innføring av standardvilkår for vasskraftkonsesjonane, som eit framtidsretta verkemiddel for å sikre fleksibel og kunnskapsbasert oppfølging av miljøforholda i vassdraget.

3. Kommunen føreset at:

- omsynet til villaksen i Lærdalselva og villreinen i Nordfjella vert tillagt stor vekt i vidare oppfølging,
- det vert vurdert etablering av eit villreinfond som kan finansiere framtidige avbøtande tiltak,
- ferdsel og vegtilkomst i villreinområde vert strengt regulert og overvaka,
- kommunen vert tidleg involvert i prosessar knytt til nye pålegg og tiltak etter standardvilkåra.

4. Lærdal kommune ser det som positivt at eksisterande ordning med Fiskefond II vert vidareført.

07.05.2026 Formannskapet

Handsaming i møtet

Sæmund Stokstad (SV) gjekk frå som ugild ved handsaming av saka.
Jon Martin Valaker Nes (AP) møtte.

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FS - 031/26 Vedtak

1. Lærdal kommune stiller seg positiv til Østfold Energi sitt framlegg til reviderte konsesjonsvilkår og avbøtande tiltak for Lærdalsvassdraget, slik det ligg føre i høyringsdokumentet frå Norges vassdrags- og energidirektorat.

2. Lærdal kommune støttar innføring av standardvilkår for vasskraftkonsesjonane, som eit framtidsretta verkemiddel for å sikre fleksibel og kunnskapsbasert oppfølging av miljøforholda i vassdraget.

3. Kommunen føreset at:

- omsynet til villaksen i Lærdalselva og villreinen i Nordfjella vert tillagt stor vekt i vidare oppfølging,
- det vert vurdert etablering av eit villreinfond som kan finansiere framtidige avbøtande tiltak,
- ferdsel og vegtilkomst i villreinområde vert strengt regulert og overvaka,
- kommunen vert tidleg involvert i prosessar knytt til nye pålegg og tiltak etter standardvilkåra.

4. Lærdal kommune ser det som positivt at eksisterande ordning med Fiskefond II vert vidareført.

21.05.2026 Kommunestyret

Handsaming i møtet

Sæmund Stokstad (SV) gjekk frå som ugild ved handsaming av saka.

John Bøthun Liøen (SV) møtte.

Njål Kaardal Golf (SP) gjekk frå som ugild ved handsaming av saka.

Maritha Tønjum Skjerdal (SP) møtte.

Stian Offerdal Vatlestad (SP) gjekk frå som ugild ved handsaming av saka.

Gunn Beathe Sjøthun (SP) møtte.

Jan Geir Solheim (SP) gjekk frå som ugild ved handsaming av saka.

Knut Ivarson Raa (SP) møtte.

Audun Mo (AP) gjekk frå som ugild ved handsaming av saka.

Finn Gram (AP) møtte.

Olav Grøtnebø (AP) gjekk frå som ugild ved handsaming av saka.

Halvard Lunden (AP) møtte.

Varaordfører Janne Marie Reppen (AP) leia møtet.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

KS - 033/26 Vedtak

1. Lærdal kommune stiller seg positiv til Østfold Energi sitt framlegg til reviderte konsesjonsvilkår og avbøtande tiltak for Lærdalsvassdraget, slik det ligg føre i høyringsdokumentet frå Norges vassdrags- og energidirektorat.
2. Lærdal kommune støttar innføring av standardvilkår for vasskraftkonsesjonane, som eit framtidretta verkemiddel for å sikre fleksibel og kunnskapsbasert oppfølging av miljøforholda i vassdraget.
3. Kommunen føreset at:
 - omsynet til villaksen i Lærdalselva og villreinen i Nordfjella vert tillagt stor vekt i vidare oppfølging,
 - det vert vurdert etablering av eit villreinfond som kan finansiere framtidige avbøtande tiltak,
 - ferdsel og vegtilkomst i villreinområde vert strengt regulert og overvaka,
 - kommunen vert tidleg involvert i prosessar knytt til nye pålegg og tiltak etter standardvilkåra.

4. Lærdal kommune ser det som positivt at eksisterande ordning med Fiskefond II vert vidareført.

Vedlegg:

Høyring av revisjonsdokument for Lærdalsvassdraget
Villreintutgreiing til revisjon av konsesjonsvilkår for Lærdalsvassdraget
REVISJON AV KONSESJONSVILKÅR FOR LÆRDALSVASSDRAGET -
revisjonsdokument av 15.januar 2026

Relevante dokument i saka

Sjå informasjon på NVE si nettside:

<https://www.nve.no/konsesjon/konsesjonssaker/konsesjonssak?id=8844&type=V>

Saksutgreiing

I februar 2025, gjorde Norges vassdrag og energidirektorat (NVE) vedtak om å opne vilkårsrevisjonssak for Lærdalsreguleringa.

Vilkårsrevisjonen gjeld fylgjande konsesjonar:

- Kgl.res. av 11. januar 1946: Regulering av Søndre Sulevatn i Lærdalselvi
- Kgl. res av 7. oktober 1966: Reguleringar og overføringar i Lærdalsvassdraget
- Kgl. res. av 24. januar 1969: Ytterlegare regulering av Vassetvatn i Lærdal

Erverv av fall/ bruksrett til fall - Stuvane kraftverk, kgl.res. av 7. desember 1984, vert ikkje omfatta av vilkårsrevisjonen.

Hovudføremålet med ein vilkårsrevisjon er å **betre miljøforholda** i regulerte vassdrag, og at dette må vegast opp mot føremålet med konsesjonen som er kraftproduksjon. Det er og ein moglegheit til å sette nye vilkår for å rette opp skadar og ulemper som fylgje av reguleringa, og rette opp i vilkår som er urimelege.

Lærdal kommune har handsama vilkårsrevisjonen tidlegare, og Lærdal kommunestyre sette fram krav om vilkårsrevisjon i sak 61/24, sjå vedlegg. I vedtaket heter det:

Lærdal kommune fremjar overfor NVE, krav om vilkårsrevisjon for fylgjande konsesjonar:

- *Reguleringer og overføringar i Lærdalsvassdraget, kgl.res. av 7. oktober 1966*
- *Erverv av fall/ bruksrett til fall - Stuvane kraftverk, kgl.res. av 7. desember 1984*
- *Ytterligere regulering av Vassetvatn i Lærdal, kgl.res. av 24. januar 1969*
- *Regulering av Søndre Sulevatn i Lærdalselvi, kgl.res. av 11. januar 1946*

Lærdal kommune ber om at fylgjande moment vert vurdert i ein vilkårsrevisjon (lista er ikkje uttømmande):

1. Levevilkår for villrein – jf. Stortingsmelding om villrein
2. Levevilkår for villaksen i Lærdalselva
3. Vegar og ferdsel i fjellet
4. Oppdatering av kunnskap – naturmiljø, kulturmiljø m.v.
5. Avbøtande tiltak t.d fond til ålmennyttige formål, tiltak som betrar levekåra til villaksen og villreinen
6. Vassføring og magasinifylling/tapping
7. Vasskvalitet – vasstemperatur
8. Interesse for ålmenta – t.d. friluftsliv, jakt og fiske

Regulanten Østfold Energi (ØE), har utarbeida revisjonsdokument, og i februar 2026 sende NVE revisjonsdokumentet på høyring.

Høyringsfrist er 26.05.2026. Det er NVE som har vedtaksmynd for godkjenning av vilkårsrevisjonen.

I tillegg til revisjonsdokumentet har ØE over tid, utarbeida og jobba med analysar, forskingsarbeid og utgreiingar som grunnlag for overvaking og gjennomføring av habitattiltak, samt vurdering av konsesjonsvilkåra. Her kan mellom anna nemnast:

- Villreinutredning til revisjonen av konsesjonsvilkår for Lærdalsvassdraget
- Fleire undersøkingar, forskingsarbeid og tiltak for utarbeiding av tiltaksprogram for å sikre ei berekraftig og framtidretta forvaltning av fiskeproduksjonen og miljøtilstanden i Lærdalselva. Her kan nemnast Miljødesign i Lærdalselva med supplerande undersøkingar. Overordna tiltaksplan for Lærdalsvassdraget, Vasstemperatur i vassdrag før og etter regulering, samt Undersøking av framtidig behov og moglegheiter for kultivering av fisk.

Konsesjonæren sitt framlegg til endringar i vilkåra og avbøtande tiltak er fylgjande:

1. Oppdatering av Manøvreringsreglement
2. Minstevassføring - krav frå privatrettsleg avtale er innarbeidd i reviderte konsesjonsvilkår
 1. Kunstige flaumar- fjerne frå manøvreringsreglement - krav som ikkje vert praktisert og ikkje relevant.
 2. Utprega døgn regulering - tolking av begrep.
 3. Mjuke overgangar - modernisering av ordlyd ut i frå dagens praksis, tilpassa erfaringsdata frå forskning.

Økonomiske konsekvensar

Lærdal kommune har viktige inntekter frå karftproduksjon

Vurdering

Revisjon av vilkår for Lærdalsutbygginga meiner kommunedirektøren har høg viktighet, både for kommunen, for miljøet, og for ålmenne interesser.

Reguleringa gjev store inntekter til kommunen, og er ein viktig bidragsytar til fossilfri energi til storsamfunnet. Samstundes har reguleringa miljøkonsekvensar, og kommunen har spesielt stort nasjonalt ansvar for å sikre gode leveforhold for raudlisteartane villreinen og villaks, sikre vasskvaliteten og vassmiljøet (jf. vassforskrifta) og ta omsyn til naturmangfaldet i fjellet og langs elva. Vassdragsreguleringa har og innverknad på fleire samfunnsinteresser i kommunen som til dømes friluftsliv, jakt- og fiskeinteresser.

I ØE sitt framlegg til endring av konsesjonsvilkåra vert det lagt opp til bruk av standardvilkår for produksjon av vasskraft. Med innføring av standarvilkår, vil evt behov, og nye forhold for miljøet som kan komma i framtida, bli handsama fortløpande. Med standardvilkår, kan myndighetene pålegge konsesjonæren tiltak for å betra på miljøforhald som kraftproduksjonen forårsaka. Kommunedirektøren meiner å innføra standardvilkår for ØE sin kraftproduksjon i dei tre omtalte kraftverka, er framtidsretta og vil ta god i vare miljøomsyna kraftproduksjonen kan forårsaka. Lærdal kommune ynskjer å bli involvert i nye prosessar knytt til pålegg, der det er hensiktsmessig. Det er viktig at lokale styremakter vert tidleg informert og inkludert i pågåande og planlagde prosessar.

Det er og viktig å merka seg at pålegg som alt er komme frå Miljødirektoratet, med utviding av den lakseførande delen av Lærdalsvassdraget med til saman 16 km. Dette er positive tiltak for leveområde til villaksen i Lærdalsvassdraget.

Kommunedirektøren meiner og at ØE har utgreidd og lagt fram masse god kunnskap og fakta om miljøforhalda både i villreinområde og for Lærdalselva. Saman med dei 7 nye vilkåra (sjå saksutgreiing) som er føreslege, vil miljøomsyna bli tek i vare på ein god måte.

Revisjonsdokumentet avklarar tema som er relevant for ei revisjonssak, og det gjev ei god samanstilling av anlegga i dag, påverknad, gjennomført forskning over lang tid , og avbøtande tiltak både gjennomførte og planlagde.

Kommunedirektøren meiner og at omsyn til villreinen må leggest stor vekt, ikkje berre villaksen og Lærdalselvi. ØE tilrår ikkje etablering av viltovergang ved Kvevotni og Flågrunnane. Dette er grunngeve i notat utarbeida av ØE med mellom anna stor usikkerheit ved bygging og stor kostnad med sjølve tiltaket og tap av inntekt under bygging. I villreinutgreiinga kjem det og fram at det stor usikkerheit kring effekten av landbru, dette uavhengig av kostnadar. Kommunedirektøren meiner det ligg føre tilfredsstillande kunnskap om etablering av viltovergang, for vurdering av om dette er eit tiltak som må gjennomførast. Dette tiltaket må og sjåast på i lys av innføring av villreinfond. Slike fond er tema i fleire vilkårsrevisjonar, og det kan vera ei løysing med innføring av **villreinfond**, for å ha midlar til utføring av tiltak, t.d viltkryssing, for å betra villreinen sine levkår i fjellområde med regulerte vassdrag.

Når det gjeld friluftslivsinteresser, jakt og fiske, er ikkje dette spesielt omtalt eller vektlagt i revisjonsdokumentet. Dette temaet vert kun indirekte råka, då det ikkje er omfatta av miljøforhalda forårsaka av kraftutbygginga. Viktige interesser her er å sikre Lærdalselva som leve og oppvekstområde for villaksen, sikre villreinområde som leveområde for villreinen. Tilkomst til høg fjellet er ein viktig faktor for jakt- og fiskeinteressene her. Vegtilkomst i

villrein fjellet kan ha negative konsekvensar for villreinen, spesielt gjeld dette i kalvingsperioden. Kommunedirektøren meiner at villreinomsyn må leggast vekt, og tilgang til vegane inn i villreinområde, må framleis vera strengt regulert. Dersom trafikken vert aukande, bør det vurderast strengare regulering av ferdsel. Eit tiltak som kan vera nyttig å innføra for overvaking av trafikken, er montering av teljeapparat ved bommen.

Lærdalsavtalen

I samband med Lærdalsavtalen, som er inngått mellom kommunen og regulanten, får kommunen tilført midlar til Fiskefond II. Desse midlane kan kommunen nytta til «opphjelp av fisk» (ikkje anadrom). Fondet kjem ålmenta og bygdefolket til gode, og bidreg til å ta vare på ikkje anadrom fisk som ein ressurs i lokalsamfunnet. Lærdal kommune forvaltar midlane i tråd med fastsett retningslinjer. Fiskefond II er heimla i konsesjonsvilkåra frå 06.04.1965, og vert indeksregulert kvart 20 år (seinast 2025). Nytt indeksregulert beløp frå 2025 er kr 341 401,70 i årlege overføringar til kommunen. Det er ikkje føreslege frå konsesjonær å endre på overføring til dette fondet, og denne delen av Lærdalsavtalen vert vidareført. Kommunedirektøren vurderrar det som positivt at overføring til Fiskefond II vert vidareført.

Kommunedirektøren meiner at innspela som Lærdal kommune har gjeve i samband med krav om vilkårsrevisjon, er imøtekommen på ein tilfredsstillande måte i ØE sitt framlegg til revisjon av vilkåra. Lærdal kommune stiller seg positiv til ØE sitt framlegg til nye konsesjonsvilkår, med avbøtande tiltak. Pålegg som alt er innført, betrar og miljøforhalda både for villreinen og for villaksen i Lærdalselva.